Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Miljøvernavdelinga

Saksbehandlar, Bjørn L. Rusken, tlf. 57 65 51 47

Inspeksjonsrapport

Saksnummer: 2007/1029

Informasjon om verksemda

Namn: Veolia Miljø AS, avd. Førde	Organisasjonsnr.: 937 270 151
Adresse: Floveien 1, 6800 Førde	Kontrolldato: 02.05.2006
Besøksadresse: Floveien 1, Førde	Anleggsnr.:
Kommune/kommunenr.: 1432 Førde	Bransjenr. (NACE-kode):

Til stades under kontrollen

Frå verksemda: Cato Aamelfot/ Terje Sørlie	Frå Fylkesmannen Bjørn L. Rusken, Bjarne Nes og Torunn G. Hønsi

Innhald i rapporten

Rapporten omtalar dei avvik og merknader som vart konstatert under kontrollen. Følgjande hovudtema vart kontrollert:
Drifta av mottaket, handtering av farleg avfall, mellom anna lagring, deklarering, vidarelevering.

Resultat av kontrollen

Fylkesmannen avdekte 0 avvik* og gav 2 merknader*.
Desse er omtala i vedlegget til rapporten.

* Definisjon av avvik og merknader er gjeve på neste side.

Oppfølging etter kontrollen

☒ Inga tilbakemelding

☐ Fylkesmannen pålegg verksemda å gje ei skriftleg tilbakemelding som stadfester at tilhøva er retta og som gjer greie for gjennomførte tiltak når det gjeld avvik. Pålegget er heimla i ureiningslova § 49.

Stad: Leikanger Dato: 28.02.2007 Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Bjørn L. Rusken
kontrollør

Definisjon på avvik og merknader

Avvik: brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og tryggleikslovgjevinga; t.d. brot på krav i ureiningslova, forskrifter heimla i ureiningslova eller krav og vilkår fastsett i løyve eller dispensasjonar.

Merknad: eit tilhøve som tilsynsetatane finn nødvendig å påpeike for å ivareta helse, miljø og tryggleik og som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Handtering av farleg avfall

Farleg avfall inneheld helse- og miljøfarlege kjemikaliar. Det kan ikkje handterast saman med anna avfall, fordi det kan føre til alvorleg ureining eller fare for skade på menneske og dyr.

Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta) har i kapittel 11 reglar for farleg avfall. Her er det reglar for forsvarleg oppbevaring mv. av farleg avfall (§11-5), krav om løyve (§ 11-6 og §11-7), leveringsplikt (§11-8), deklarering (§11-12) og tilsyn (§11-15).

Kommunale mottaksanlegg og private mottak/mellomlager for farleg avfall er anten regulert gjennom eige løyve frå Fylkesmannen eller gjennom vedlegg 2 til kapittel 11 i avfallsforskrifta (standardiserte krav).

Kontrollen har fokus på enkelte utvalde avfallstypar som kan innehalde prioriterte miljøgifter:

- PCB i m.a. bygningsmaterial som isolerglas, mørtel og fuger
- Krom/ arsen- og kreosotimpregnert trevyrke
- Bromerte flammehemmarar (BFH) i m.a. isolasjonsmaterial som EPS (isopor og liknande plast), XPS (byggeskum) og cellegummi (rørisolasjon). BFH finst og i EE- avfall.

Impregnert trevirke er ikkje merkt. Avfallsmottak må difor spørje etter informasjon om trevirket slik at krom/arsen- og kreosotimpregnert trevirke blir handtert skilt frå anna trevirke.

Det same gjeld for isolerglasruter, kondensatorar eller lysarmatur som inneheld **PCB**.

Isolasjonsmaterial med **bromerte flammehemmarar** er ein ny type farleg avfall (2004) som mottaka bør vere merksame på. Denne avfallstypen kan leverast saman med anna bygnings- og rivingsmaterial. Cellegummi er ein type isolasjonsmaterial som lett kan sorterast ut som ein eigen fraksjon.

EE- avfall er ikkje farleg avfall før det blir behandla i eigne mottaks- og behandlingsanlegg der dei ulike komponentane med helse- og miljøskadelege stoff blir tekne ut.

Avvik:

Fylkesmannen fann ingen avvik ved mottaket for farleg avfall.

☒ **Merknad 1:**

Verksemda

- **etterspør ikkje informasjon frå leverandør av bygg- og rivingsavfall om dei har slikt avfall**
- **etterspør ikkje om isolasjonsmaterial er utsortert**

Kommentarar:

Bromerte flammehemmarar er ei «ny» avfallsgruppe der ureiningsstyresmaktene ser det som viktig å styrke innsamlinga.

☒ **Merknad 2:**

Ein del av verksemda sin emballasje for kjemisk farleg avfall er òg merka med eldre kjemisk originalmerking som ikkje er i samsvar med innhaldet av farleg avfall.

Kommentarar:

Ein del emballasje, særleg tønner med innhald av farleg avfall hadde framleis tydelege merker (kjemikaliemerking) frå tidlegare bruk, utan at innhaldet av farleg avfall samsvara med denne originalmerkinga. Tønnene var elles rett merka med innhald av farleg avfall. Før å unngå feilvurderingar bør verksemda vurdere tiltak for fjerne/ oppheve tidlegare merking.

Andre kommentarar/ utdjupingar:

Kommunal innsamling av farleg avfall
Fylkesmannen erfarer at Veolia Miljø AS er ein viktig aktør for innsamling av kommunalt farleg avfall etter avtale med kommunane i fylket. I fleire tilfeller ser vi at det ikkje er samsvar mellom ansvarsfordelinga slik den vert framstilt frå kommunane si side, og frå Veolia Miljø AS si side. Dette gjeld i særleg grad journalføring for ubetjente miljøstasjonar. Dette er eit tilhøve som Fylkesmannen har tek opp med Veolia Miljø AS og aktuelle dei kommunane /interkommunale avfallsselskap i oversendingsbreva etter kontrollen.

Vi legg til at innsamlinga på ubetjente og betjente kommunale mottak, årlege innsamlingsrunder m.m. vert utført på innsamlingsløyvet til Norsk Gjenvinning AS frå SFT, og at denne innsamlinga difor ikkje kjem inn under løyvet til mottak av farleg avfall frå Fylkesmannen.

Oppfylging av tidlegare kontrollar
Verksemda har fylgt opp avviket frå forrige kontroll i 2004 med omsyn på avrenning frå mottaks-/sorteringsrom for farleg avfall ved å samle opp avrenningsvatnet frå oljeutskiljaren.